

DOKUMENT- VEDLEGG

Kyrkjeleiva 8, 4865 Åmli



SØRMEGLEREN

sormegleren.no

Rapport

Oppdrag: **Åmli sentrum**

Emne: **Reguleringsplan, revidering**

Rapport: **Planbeskriving med reguleringsføresegn**

Oppdragsgiver: **Åmli kommune**

Dato: **15. APRIL 2009**

Oppdrag- / Rapportnr. **311953/**

Tilgjengelighet Ikkje begrensa

Utarbeidet av:	Åslaug Iversen	Fag/Fagområde:	Arealplanlegging
Kontrollert av:	Bjarne Otterdal	Ansvarlig enhet:	Plan og Infrastruktur
Godkjent av:	Bernt Hausvik	Emneord:	Sentrums planlegging

Samandrag:
Revidering av reguleringsplan for Åmli sentrum; Planbeskriving med reguleringsføresegn.

Utg.	Dato	Tekst	Ant.sider	Utarb.av	Kontr.av	Godkj.av
2	10.06.09	Endra plan etter offentlig ettersyn		BjO	BjO	BH
1	15.04.09	Planbeskrivelse og med reguleringsføresegner		AAI	BjO	BH

Innholdsfortegnelse

1.	Generell beskriving.....	5
1.1	Beskriving av planområdet:.....	5
1.2	Vei, avkjørsel og parkering:.....	5
1.3	Gjeldande planstatus:.....	6
1.3.1	Kommuneplan for Åmli vart vedteken 29.5.2008.....	6
1.3.2	Gjeldande reguleringsplan m/reguleringsføresegner for Åmli sentrum var vedteken av kommunestyret 23.9.2004.....	6
1.4	Føremålet med ny reguleringsplanen:.....	6
2.	Vedtak i Kommunestyret 11.12.2008:.....	6
3.	Opplegg/gjennomføring.....	8
3.1	Såkkorn.....	8
3.2	Varsel om oppstart av planarbeid:.....	8
3.3	Grunnlagsmateriale:.....	8
3.4	Framdrift.....	9
4.	Gjennomgang av innkomne merknader:.....	9
4.1	Frå Statens Vegvesen datert 7.7.2008:.....	9
4.2	Frå Fylkesmannens datert 26.6.2008:.....	9
4.3	Frå Fylkeskommunen datert 27.6.2008:.....	11
4.4	Frå NVE (Noregs vassdrags- og energidirektorat) datert 24.7.2008:.....	11
4.5	Frå Kjell Haugen, 20.11.2008.....	11
4.6	Halvorsen Elektriske AS, 14.10.2008.....	12
5.	Målsetting.....	12
5.1	Rådmannen sin konklusjon på temaet leileghetar:.....	12
5.2	Rådmannen sin konklusjon på temaet Grønstruktur/gode sosiale møteplassar:.....	12
5.3	Rådmannen sin konklusjon på plassering av ny daglegvarebutikk:.....	12
5.4	Rådmannen sin konklusjon på plassering av nytt rådhus.....	12
5.5	Rådmannen sin konklusjon på plassering av framtidig kulturstoge:.....	13
5.6	Rådmannen sin konklusjon på veg-/kryssløysingane.....	13
6.	Planforslaget, hovudtrekk.....	13
6.1	Spesialområde bevaring:.....	13
6.2	Friområde.....	13
6.3	Parkering/kjøreveg.....	13
6.4	Vatn og kloakk:.....	14
6.5	Fjernvarme/alternativ energi:.....	14
6.6	Kryssløysingar i sør.....	14
7.	Utredning om universell utforming.....	14
7.1	Rundskriv/rikspolitiske retningslinjer.....	14
7.2	Tilhøva i dag:.....	15
7.2.1	Kollektivtransport.....	15
7.3	Endringar med reguleringsplanen.....	15
7.3.1	Bustader.....	16

7.3.2	Parkering	16
7.3.3	Allergi	16
7.3.4	Fortau	16
7.3.5	Skilting	17
8.	Enkel risiko og sårbarhetsanalyse.....	17
8.1	Flomsituasjonen	17
8.2	Støy	17
8.3	Radon	17
8.4	Ros-analyse.....	17
9.	Utredning om forholda for barn og unge	18
9.1	Tilhøva i dag:.....	18
9.2	Endringar med reguleringsplanen:	18
10.	Reguleringsføresegn:	19
1.	Generelt	19
1.1	Reguleringsplanen.....	19
1.2.	Reguleringsformål.....	19
1.2.1	Byggeområde – pbl § 25 1. Ledd nr.1	19
1.2.2	Landsbruksområde – pbl § 25 1. ledd nr. 2	19
1.2.3	Offentlege trafikkområde – pbl § 25 1. ledd nr. 3.....	19
1.2.4	Friområde – pbl § 25 1. ledd nr. 4.....	19
1.2.5	Spesialområde – pbl § 25 1. ledd nr. 6	19
1.2.6	Fellesområde – pbl § 25 1. ledd nr. 7.....	20
1.2.7	Kombinerte formål etter plan og bygningsloven, § 25 2. Ledd:.....	20
1.3	Målsetting	20
2	Fellesformål.....	20
2.1	Generelt	20
2.2	Bygningsplan	21
2.3	Tilleggsdokumentasjon	21
2.4	Situasjonsplan.....	21
2.5	Vegtrafikkstøy	21
	Gul sone 21	
	Raud sone.....	22
	Avvik frå tilrådingane i raud og gul sone.....	22
2.6	Avstand frå offentlig veg	22
2.7	Parkeringskrav	23
2.8	Minste utomhusareal	23
2.9	Funksjonshemma	23
2.10	Felles opparbeiding.....	23
2.11	Skilt og reklame	23
2.12	Radon	24
2.13	Alternativ energi	24
3	Byggeområde - pbl § 25 1. ledd nr. 1.....	24
3.1	Bustadar m/anlegg som høyrer til: B1 – B6, B8 og B10 –B15.....	24

3.2	Bustadar m/anlegg som høyrer til: B7 og B9	24
3.3	Offentlege bygningar: O1 – O3 og O5	25
3.4	Offentlege bygningar: O4	25
3.5	Allmennyttige formål: A1	25
4	Landbruksområde – pbl § 25 1. ledd nr. 2	25
4.1	Jordbruk L1	25
5	Offentlege trafikkområde – pbl § 25 1. ledd nr. 3	25
5.1	Generelt	25
5.2	Sidereal	25
5.3	Fortau	25
5.4	Parkering Tp1 – Tp11	26
5.5	Byggegrense	26
5.6	Område TpBtTs1 for offentlig trafikkområde; rutebilstasjon \ parkeringsplass \ tømmestasjon	26
6	Offentlege friområde – pbl § 25 1. ledd nr. 4	26
6.1	Friområde – park: F1	26
6.2	Friområde – park: F2	26
6.3	Friområde – F3	27
7	Spesialområde - pbl § 25 1. ledd nr. 6	27
7.1	Frisiktsone ved veg	27
7.2	Område for kommunalteknisk verksemd: Sp1 – Sp2	27
7.3	Friluftsområde: Sp3 – Sp10	27
7.4	Anna spesialområde – kraftstasjon: Sp11	27
7.5	Spesialområde – vern av bygningar og anlegg	27
7.5.1	Reguleringsformålet er meint for å vidareutvikle og dels opprette igjen områda sine kulturhistorisk, arkitektonisk og miljømessige verdiar. Tiltak som verkar skjemma og som kjem i konflikt med denne målsetting vert ikkje tillate	27
8	Fellesområde – pbl § 25 1. ledd nr. 7	28
8.1	Felles tilkomstveg: Fk1 – Fk3	28
8.2	Felles parkeringsplass: Fp1	28
9.	Område sett av til kombinerte formål – pbl § 25 2. ledd	28
9.1	Område for bustadar/kontor/allmennyttige/offentlege formål: BKA01	28
9.2	Område for bustadar/forretningar/kontor/allmennyttige formål: BFKA1	29
9.3.	Område for bustadar/forretningar/kontor/bensinstasjon: BFKBe1	29
9.4.	Område for bustadar/forretningar/kontor: BFK 1 – BFK 6	29
9.5	Område for forretningar/kontor/offentlig: FKO1 og FKO2	30
10	Rekkefølge vedtak	30
Vedlegg 1, Sjekkliste Risiko- og sårbarhetsundersøkelse for: Reguleringsplan Åmli sentrum		31
10.1.1	Infrastruktur	31

Tegninger

Vedlegg

1. Generell beskriving

Åmli kommune er på 1.130 km². Dyrka areal er på 10,6 km². Areal som er verna av sentrale styresmakter er på om lag 44 km². Produktiv skogmark utgjør ca 480 km², av dette er 25 - 30 km² over verneskoggrensa. Vatn og vassdrag utgjør om lag 64 km². Det er såleis store areal med fjell- og heiområde som er uproduktiv mark for skogproduksjon. Strandlinje for vatn/innsjø er 1.620 km og for vassdrag (elvar og bekker) er tilsvarende tal 397 km.

Det er 1854 innbyggjarar i kommunen. Totalt sett er det i Åmli kommune registrert 835 heilårsbustader og 667 fritidshus/hytter/sommarhus o.l. (GAB-registeret).

Åmli kommune er ein bilbasert kommune, dersom ein skal klare seg utan bil må ein bu i Åmli Sentrum.

1.1 Beskriving av planområdet:

Planområdet er avgrensa frå plangrense i gjedene reguleringsplan for Åmli sentrum. RV 41 vart lagt på utsida av Åmli sentrum ca i 1970. Sentrum er i dag langt og ligg på begge sider av FV 274. I sør ligg i dag pakkestasjonen (som er busstasjon), offentlig kontor, helsetenester, kafé og butikkar. I nord ligg bensinstasjon og butikkar. I midten ligger i dag spreidde bustadhus. Sentrum av Åmli er i frå gammalt av lokalisert rundt det gamle apoteket, i dag blir det rekna som sentrum nord.

Nord for planområdet ligg barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule, idrettshall, symjehall, skating rampe og andre fasilitetar for barn og unge.

Gjennom planområdet går Nidleva, den er demma opp. Demninga ligg delvis i planområdet.

Syd for planområdet ligg det friluftsområde, med badeplass mm.

1.2 Vei, avkjørsel og parkering:

RV 41 går forbi Åmli sentrum, FV 274 går gjennom Åmli sentrum og opp til Tveit, FV 278 går frå Åmli sentrum over elva.

Frå RV 41 er det to avkjøringar til Åmli sentrum, FV 274 går parallelt med RV 41 gjennom Åmli sentrum. Begge kryssa er utforma som T kryss i dag. Avkjøringa i nord er dårlig, og har restriksjonar. Det er 80 km/t på RV 41 forbi Åmli sentrum.

FV 274 gjennom Åmli sentrum er bygd som ei miljøgate, denne vart opna i 1995. Her er det 50 km/t.

Trafikk mengde målt i ÅDT(Års Døgn Trafikk) på vegar i planområdet henta frå Nasjonal Vegdatabank, 11.2.2009:

RV 41	1442
FV 274, til Tveit	857
FV 274, gjennom sentrum nordover	1287
FV 274, gjennom sentrum, syd over	1071
FV 278, bla. bru over elv	399

Parkeringskapasiteten, i sentrum sør og nord, er for liten til behovet i dag. Det er ikkje parkeringsrestriksjonar i sentrum.

1.3 Gjeldande planstatus:

1.3.1 Kommuneplan for Åmli vart vedteken 29.5.2008

I kommuneplanen er planområdet vist som sentrumsområde.

1.3.2 Gjeldande reguleringsplan m/reguleringsføresegner for Åmli sentrum var vedteken av kommunestyret 23.9.2004.

Denne planen dekkjer delar av sentrum av Åmli, litt ut i elva og litt på vestsida av elva. Store delar av planen er regulert til bustad og kombinerte føremål. Det er nokre restriksjonar; som vern av landskap/vegetasjon og vern av bygningar/anlegg. I tillegg er det regulert til føremåla: byggeområde, landbruksområde, offentlig trafikkområde, friområde, spesialområde og fellesområde. I byggeområdet er det mange kombinerte formål.

1.4 Føremålet med ny reguleringsplanen:

Bakgrunnen for reguleringsarbeidet er eit forprosjekt, *Tettstedesutvikling i Åmli sentrum*, utarbeida av Grønn_Strek/Asplan Viak, som et Såkorn prosjekt, sjå punkt 3.1.

I dette prosjektet er det lagt frem forslag til utvikling av Åmli sentrum. Desse forslaga vart lagt fram for kommunestyret i Åmli kommune 11.12.2008. Reguleringsarbeidet tek utgangspunkt i det vedtaket som vart gjort i kommunestyret, sjå punkt 2.

2. Vedtak i Kommunestyret 11.12.2008:

1. *Konklusjonane i rådmannen sine merknader i saka og skisser i slutten av sak for:*

- *Leileghetar i sentrum nord*
- *Grøntstruktur/gode sosiale møteplassar*
- *Ny daglegvarebutikk*
- *Nytt rådhus*
- *Kulturstoge*
- *Veg- og kryssløysingar*

vert lagt til grunn for varsla revidering av reguleringsplan for Åmli sentrum.

Midtre del av sentrum som areal for framtidige nærings-/forretningsbygg må oppretthaldast/styrkast i ny plan. Arbeidet vert igangsett straks og gis prioritet.

Planen skal sikre vilkår for at Åmli sentrum innanfor grensene mellom søndre og nordre innkøyring gis gode vilkår for fortetting og påbygging av eksisterande bygg i samsvar med formåla bustad og forretning/nærings, offentlege formål og servicefunksjonar.

Planen må legge til rette for bruk av alternativ energi.

Planen skal legge til rette for at Nergardsjordet også kan betyttes til einestadar. Men prosjekter som kan realisere leilighetsbygg bør prioriterast dersom fleire utbyggjarar ønskjer å ta i bruk de same områda.

Det er et sterkt ønske og behov for ny bru over til Engenes. Åmli kommune må sjå etter muligheter for oppføring av bru, og eventuell støtte til, og finansiering av denne.

Arbeidsgruppa for Såkornsprosjektet blir arbeidsutval også for revidering av reguleringsplanen.

2. *Val av forhandlingsutval som får i oppdrag å selje tomt til Forbrukersamvirket Sør til bygging av ny Prix-butikk. Utbyggingsavtale der vilkår for samanbygging av FSS sin butikk og kommunen sine bygg vert løyst, samt finansiering og drift av utareal inkl. ein god utbygd park, parkeringsareal og rundkøyring er med i vilkåra for sal.
Utvalet får i oppgåve å finne løysingar for ein avtale ut frå førespurnaden frå Halvorsen Elektriske AS.
Endeleg avtalar i samband med utbygginga må opp i kommunestyret til godkjenning.
Til forhandlingsutval, med ordføraren som leiar, vert vald: Ingeborg Anderssen.
Rådmannen vert medlem i utvalet.*
 3. *Prosjektgruppa for nytt administrasjonsbygg (Tellef Olstad, Margit Smeland, Ola Martin Retterholt, Hans Fredrik Tangen og Reidar Saga + to oppnemnd av rådmannen) set straks i gang arbeidet med å engasjere konsulent for å få utarbeidd tilbudsgrunnlag for ein arkitektkonkurranse for utforming av nytt rådhus bygd oppe på ny Prixbutikk. Arkitektoppdraget bør delast inn i ulike fasar der det er mogeleg for kommunen å gå inn å justere kursen og eventuelt stoppe prosessen mellom dei ulike fasane:
 1. *Skisseprosjekt av nytt rådhus oppe på Prixbygget og nytt kulturbygg. Dei andre punkta blir gjennomført utan kulturbygg*
 2. *Forprosjekt – som fører til grunnlag for utlysing av tilbuds konkurranse på totalentreprise – der det er mogleghet for å legge detaljprosjekteringa inn i totalentreprisen eller halde den utanfor*
 3. *Detaljprosjektering*
 4. *Arkitektkonkurransen inneheld og utforming av utearealet med spesiell vekt på parkarealet framfor nybygget/stasjonsbygget. Denne delen bør kunne trekkast ut som eit eige oppdrag mellom kvar av dei 3 hovudfasane.*
 5. *Arkitektoppdraget må opne for at det undervegs blir sett på kva innsparingar det ligg i mogleghetar for meir eller mindre fellesanlegg/rom for rådhuset og ei framtidig kulturstoge.*
*Arbeidet i prosjektgruppa vert sett i gang straks.**
4. *Detaljering og prioritering av tiltak i grøntstrukturplan blir gjort seinare på grunnlag av reguleringsplanen.*
 5. *Kostnadene til arbeidet under pkt. 1. vert innarbeidd i budsjettet for 2009 med kr. 200.000,-*
 6. *Kostnadene til planarbeidet arbeidet under pkt. 3 vert innarbeidd i budsjettet for 2009.*
 7. *Det skal vere eit mål å bygge kulturbygg i løpet av neste kommunestyreperiode, dersom dette ikkje svekkar basistenestene til kommunen. Dersom regjeringa kjem med gunstige finansieringsordningar kan bygging av kulturhus kome tidlegare. Dette skal prioriterast før andre større byggeprosjekt.*
 8. *Dersom det blir aktuelt med nedskrivning av eigenkapitalen eller ansvarleg lån frå Agder Energi, skal dette øyremerkast kulturbygg.*

9. *Bygningsmessige tilpassingar mellom nytt adm.bygg og kulturbygg td. teknisk rom, ventilasjon, fyrrom osv. bør gjennomførast så langt det er rom innanfor avsette midlar i budsjettet til adm. bygg.*
10. *Rådmannens forslag om avsetting av kr 855.000,- til forprosjekt kulturbygg i langtidsbudsjettet for 2012, vert vedtatt.*

3. Opplegg/gjennomføring

3.1 Såkorn

Forprosjektet, *Tettstedesutvikling i Åmli sentrum*, har vore gjennomført i regi av Såkornsprosjektet med ei arbeidsgruppe som har leia arbeidet. Som faglege konsulentar har firmaene Grønn_Strek as og Asplan Viak AS vore leigd inn. Husbanken har i stor grad finansiert utgreiingsarbeidet og har delteke med faglege råd gjennom deltaking i arbeidsgruppa. Aust-Agder fylkeskommune v/regionalavdelinga har og delteke med økonomi og faglege råd gjennom deltaking i arbeidsgruppa. Næringsdrivande i sentrum har hatt ein representant i arbeidsgruppa.

Resultatet i saka har blitt til i ein arbeidsprosess der element har kome til og endra seg litt undervegs, det har m.a. vore to opne folkemøte og to orienteringar i kommunestyret om saka. Prosessen har vore ein del av den formelle delen av arbeidet med revidering av reguleringsplanen for Åmli sentrum.

3.2 Varsel om oppstart av planarbeid:

Oppstart av revidering av reguleringsplan for Åmli sentrum er varslet ved brev av 20.5.2008 med frist 27.6.2008. Det var Åmli kommune som stod for varsling av oppstart av reguleringsarbeidet. Det var kome inn fire uttale når fristen gikk ut. I tillegg er det komet inn to innspel etter fristen gikk ut. Innspela er kommentert nedanfor.

3.3 Grunnlagsmateriale:

Føljande materiale har vore grunnlaget for planen:

Forprosjekt tettstedesutvikling, Såkorn Åmli. Utarbeidd av Grønn_Strek/ Asplan Viak, presentert i kommunestyre 11.12.2008

Kommunestyre sak 08/125, vedtak 11.12.2008

Kommuneplan 2007 - 2019 for Åmli Kommune, vedtak 29.5.2008

Reguleringsplan for Åmli sentrum, vedtak 23.9.2004

Eigedomssopplysninger og kartgrunnlag frå Åmli kommune

Trafikktall frå Nasjonal Vegdatabank

Moment liste utarbeidd i samband med møte i prosjektgruppe SÅKORN 10.2.2009.

Møtereferat frå møte i Vegvesenet 15.08.2008

Sefrak registreringar Åmli sentrum

Radonmålingar frå Åmli sentrum, Datert 07.07.1998

Flomsonekart NVE, Datert 12.06.1998.

3.4 Framdrift

Det er lagt opp til at reguleringsplanen skal være klar frå konsulent til 1. gangsbehandling 15.4.2009.

4. Gjennomgang av innkomne merknader:

Innan fristen var det kome inn 4 innspel frå offentlig instansar. I tillegg er det haldt to folkemøte og kome inn to innspel frå privatpersonar.

4.1 Frå Statens Vegvesen datert 7.7.2008:

Dei ber om å bli tatt tidlig med i planprosessen om det er store endringar med omsyn til vegane i planområdet. Byggegrense til RV 41 er på 50 m og 15 m frå fylkesvegane. Det er i tidligare planer blitt akseptert andre byggegrenser. For å oppretthalde ei fasadelinje mot vegane, kan desse grensene vidareførast i revidert plan.

Det kan være områder innanfor planen kor dei anbefalte grenseverdiane for støy i Miljøverndepartementets (MD) retningslinjer for vegtrafikk støy er overskredet.

Frisiktzone jfr. Vegnormalen. Føljande må takast med i reguleringsføresegnene: "Innan for frisiktsonen skal terrenget planeras ned slik at det ikkje på nokon stader blir høgare enn 0,5 m over tilstøytande vegars nivå. Planter på eigen grunn(ikkje hekk eller trær) tillates såframt dette ikkje blir høgare enn 0,5m over tilstøytande vegars nivå."

Framkommelegheit og trafikktryggleiken må ikkje bli svekka ved nybygg, eller endringar av vegnettet gjennom Åmli sentrum. Dette gjelder både bil, dimensjonerande kjøretøy, gåande og syklande.

De minner om at det må sikkrast tilstrekkelig parkeringsplassar.

Kommentar:

Det er haldt eit møte med vegvesenet 15.08.2008, her stilte representantar i frå Statens vegvesen, Grønn_Strek og Åmli kommune. Referatet ligg vedlagt. I tillegg har det vært 2 møter med vegvesenet for å avklare kryssløysningen i sør. Referat ligg vedlagt.

Støy: Det er utført støyberekningar, T-1442 i planprosessen, sjå kapittel om støy.

Trafikk tryggleik: Det er lagt inn innsnevring av FV 274, til ei kjørebredde for å betre trafikktryggleiken.

Parkering: Det er lagt inn ein auke av parkeringsplassar både i sentrum sør og nord.

4.2 Frå Fylkesmannens datert 26.6.2008:

Innspel frå Miljøvern avdelinga:

Det er ikkje sendt inn sjekklister for miljøverninteresser i planområdet.

Minner om § 2 i PBL om at det skal leggest til rette for å sikre barn gode oppvekstvilkår, gjennom planlegging. Det vises også til Rikspolitiske retningslinjer for å styrke **barn og unges** interesser i planlegginga.

Det vises til omsyn til **vatn og vassdrag**, St. Melding nr 36 (2000-2001). Det forventes at områda som i dag er regulert til spesialområde friluftsområde, framleis vert regulert til grønt formål. Det må setjast av eit kantsonebelte mot vassdrag, dette må presiserast i reguleringsplanen i tråd med krava i Vassdragslova § 11.

Miljøvernavingdelinga meiner det er viktig å ta vare på og legge tilrette for naturområde for leik og fysisk aktivitet der folk bur, ved skular og barnehagar. Dei viser til st. melding nr 39 om friluftsliv og st. melding nr 23 "Bedre miljø i byer og tettsteder".

Dei viser til retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga T-1442. Når det gjelder Estetikk og omsyn til landskapet vises det til PBL § 2 og § 74-2, st.melding 29(1996-1997) "Regional planlegging og arealpolitikk" og T-1179 "Estetikk i plan- og byggesaker.

Kommentar:

Barne og ungdomsrepresentanten i Åmli er med i planprosessen ved å bli kalt inn/delta på prosjektmøta. Barn og unge er omtalt under eige kapittel.

Støy: Det er utført støyberekningar, T-1442 i planprosessen, sjå kapittel om støy.

Innspel frå landbruksavdelinga:

Det er viktig å legge inn tilstrekkelig buffersone mot grenseliggande landbruksområdar.

Innspel frå sosial- og helseavdelinga

Eit mål for utvikling av sentrum i Åmli må være at ein ønskjer å skape sosiale møteplassar. Det må takast omsyn til mjuke trafikantar, et grep kan være å plassere parkeringsplassar i utkanten av sentrum. Befolkninga bør gis ein sjanse til å velgje livsstil som fremjar fysisk aktivitet.

Det bør tilretteleggjast for bustader til vanskelegstilte grupper, spesielt til personar/familiar med varig låg inntekt.

Kommentar:

Dette vil bli behandla under tilgjengelighet for alle, og grønstruktur/gode sosiale møteplassar.

Beredskapsmessige innspel, Samfunnssikkerhet og beredskap:

Det må lages ein Ros –analyse (Risiko- og sårleiksanalyse).

Kommentar:

Dette vil bli handsama i eige punkt. Det vil bli utarbeidet ein forenkla ROS-analyse, denne følgjer vedlagt.

Innspel frå andre avdelingar ved embetet:

Utdannings- og familieavdelinga har ingen ytterligere merknader til planforslaget.

4.3 Frå Fylkeskommunen datert 27.6.2008:

Planavdelinga meiner det positivt at Åmli kommune velgjer å fortette eksisterande sentrum framfor å ta i bruk nye områder. Dei viser til Rundskriv T-2/08 når det gjeld barn og unge, og til utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming (ikkje formelt vedtatt)

Kulturminnevernseksjonen forutset at dei områda som har formålet ”spesialområde – vern av bygningar og anlegg” i gjeldande reguleringsplan beheld dette formålet i revidert plan. Dei anbefaler også at området rundt stasjonsbygningen blir regulert til Spesialområde bevaring, for å sikre at utforminga og plassering av ny bygningsmasse ivaretek kvaliteten ved eksisterande bygningsmasse og området eigenart og historie. I forhold til arkeologi har kulturminnevernseksjonen ingen merknader til planarbeidet på det noverande tidspunkt.

Kommentar:

Viser til kapittel, Utredning om forholda for barn og unge og utredning om tilgjengelighet for alle, der nokre av tema blir behandla. Eksisterande ”Spesialområde – vern av bygningar og anlegg” og endringar av dette vil bli vurdert i planarbeidet. Dette vert gjort i samarbeid med Fylkeskommunen.

4.4 Frå NVE (Noregs vassdrags- og energidirektorat) datert 24.7.2008:

Viser til retningslinjer for planlegging og utbygging i fareområder langs vassdrag (1/2007). Det vises også til Veileder for overflatevatns handtering. Dei oppfordrar kommunen til å merke alle vassvegane i plankartet, også dei som er lukka. Det må gå fram av planarbeidet at flomfaren er vurdert.

Kommentar:

”Retningslinjer for planlegging og utbygging i fareområder langs vassdrag” (1/2008), sist revidert 1.7.2008. er lagt til grunn i planlegginga.

4.5 Frå Kjell Haugen, 20.11.2008

Bygda Nord

Det bør leggest til rette for gradvis utbygging, for det er neppe nokon investorar som vil ta risikoen med å bygge et stort prosjekt utan forhåndssal. Er redd at store prosjekter ikkje vil la seg realisere og dermed hindre ei forsiktig og jamn utvikling.

Stasjonsparken:

Byggingmassen blir for stor i den framskutte posisjonen. Kafeen og Halvorsen sin butikk blir liggande inneklemt og utan innsikt frå vegkrysset ved RV 41.

Kommentar:

For dei nye store bustadsområda i nord ligg det inne krav om bygnadsplan i reguleringsføresegnene. Detaljplanlegging av stasjonsparken vil ikkje skje i dette planarbeidet.

4.6 Halvorsen Elektriske AS, 14.10.2008

Dei ønskjar å erverve, eventuelt sikre seg eit område mellom eksisterande bygg og framtidig Prix-bygg. Dette området må settast av til utviding av forretningsbygg/sikring av varelevering. I tillegg kan det være aktuelt å utvide lageret med eit betongbygg under bakken framfor kafeen.

Kommentar:

Varelevering er vist på plankartet. Det blir haldt møte mellom kommunen og Halvorsen i samband med planprosessen.

5. Målsetting

Målet med reguleringsplanen er å få kommunestyre vedtaket frå 11.12.2008, sak 08/125, punkt 1 gjennomført. Rådmannens konklusjonar som vart vedteke:

5.1 Rådmannen sin konklusjon på temaet leileghetar:

Tilrådd framlegg vil ved realisering vere med på i sterk grad å styrke nordre del av sentrum både som bumiljø og som lokalisering for butikkar. Det er viktig å gå vidare med planane i samarbeid med Husbanken og private utbyggerar for å få realisert noko av desse leileghetane i nær framtid. I tillegg til viste areal er det i gjeldande reguleringsplan forholdsvis store areal til leileghetsformål i midtre del av sentrum på "oversida" av gata. Desse må i hovudtrekk behaldast vidare i ny plan.

5.2 Rådmannen sin konklusjon på temaet Grønstruktur/gode sosiale møteplassar:

Tilrådd plan viser at det er tilstrekkeleg med areal for utvikling av endå betre sosiale møteplassar/grønne lommer langs heile sentrum. Realisering krev litt investeringar på kvart punkt. I forhold til Stasjonsparken støtter rådmannen synet om at framlegget vil gje ein lunare og meir variert og innholdsrik park enn dagens Stasjonspark.

Rådmannen tilrår at det vert utarbeidd ein ny grøntstrukturplan for heile sentrumsgata inkludert nedre nivå i sør, og der tiltaka vert prioriterte og kostnadsrekna kvar for seg tilrettelagt for trinnvis gjennomføring. Planen må utførast og finansierast i samråd med private grunneigarar/leigetakarar der deira eigedom blir berørt.

5.3 Rådmannen sin konklusjon på plassering av ny daglegvarebutikk:

Ut frå ei totalvurdering av moment for vidareutvikling av eit samla sentrum, parkerings- og innkøyringsforhold og svekking av/styrkinga av særleg sentrum nord meiner rådmannen at beste plasseringa for ein ny daglegvarebutikk i sentrum er i stasjonsparken slik skissene til slutt i saka viser (alternativ 3.6 her).

5.4 Rådmannen sin konklusjon på plassering av nytt rådhus

Ut frå ei totalvurdering av moment som vidareutvikling for Åmli som eit samla og styrka sentrum meiner rådmannen at beste plasseringa for ein nytt rådhus er oppe på ein ny daglegvarebutikk i Stasjonsparken. Alternativet er ikkje det aller beste i forhold til samling av kommunal administrasjon, men vert totalt sett likevel foretrukke framfor dei øvrige alternativa som er vurdert.

5.5 Rådmannen sin konklusjon på plassering av framtidig kulturstoge:

Ut frå ei totalvurdering av moment som vidareutvikling for Åmli som eit samla sentrum, eit kulturbygg si naturlege plassering i eit sentrum, sambruksfunksjonar med tilgrensande bygg (her sett bort frå samanbygging med rådhus eller ikkje) og dei gode rom planlagd løysing gir både på framsida som avslutning på sentrum og som "le" for ei god parkløysing tilrår rådmannen løysinga under pkt.5.5 og slik at den inngår i ei heilheltsløysing med ny butikk og nytt rådhus.

5.6 Rådmannen sin konklusjon på veg-/kryssløysingane

Det bør settast mykje inn på å få realisert løysinga med ei rundkøyring der dagens søndre kryss er i dag. Rundkøyringa må planleggast og utformast slik at den er tilpassa ei framtidig ny bru over til Engenes. Om det vert umogeleg å finne løysingar med rundkøyringar vil rådmannen gå inn for at dagens kryss byggast ut til fullt T-kryss som vist under pkt. 6.5.2.

6. Planforslaget, hovudtrekk

Planen skal ha same yttergrense som reguleringsplan som er vedteke 23.9.2004.

Formål som ligger i planen går frem av § 1.2 i reguleringsføresegne. I hovudtrekk er det: Byggeområde, landbruksområde, friområde, spesialområde, fellesområde, og mange kombinerte formål.

6.1 Spesialområde bevaring:

Store deler av planområdet er tidligare regulert til Spesialområde Bevaring. I planprosessen er det stilt spørsmål om kvifor Esso stasjonen, i sentrum nord, er regulert til spesialområde bevaring, bygg og anlegg. Det har vært dialog med Fylkeskommunen om dette. Dei viste til ein stedsanalyse som vart utarbeidet i sambande med reguleringsplanen som vart vedteken i 2004. Konklusjonen er at bevaringsområda i gjeldene plan blir videreført i ny plan.

6.2 Friområde

I samband med reguleringsplanen har Grønn_Strek fått i oppdrag å sjå på park løysningar, stasjonsparken i sør og ved bakeriet i nord. Forslag frå Grønn_Strek er innarbeidd i planen. I tillegg er det lagt inn ein snarveg i nord frå Tk8 via Tk11 til Tk2. Delvis må denne løysinga også innarbeidast i bebyggelsesplan for TPGB1. Det er avsett eit område til vegetasjon, F2, langs Tk11 for å halde lausmassane på plass.

6.3 Parkering/kjøreveg

Det er behov for fleire parkeringsplassar i sentrum av Åmli. Det er behov for 70-75 parkeringsplassar i samband med ny butikk og kulturstove. Det er lagt inn 108 plasser totalt i tilknytning til elvesida av sentrum sør. Nokre av disse plassane er eksisterande plasser. 8 av disse er sett av til plassar for rørslehemma.

Nytt i planen er at det på vei Tk3 er einvegskjørt i frå Tp6 og nordover. Dette for å få utnytta dette området betre.

6.4 Vatn og kloakk:

Det er ikkje problem med overvatn i sentrum i dag, og planen fører ikkje til vesentlege endringar.

6.5 Fjernvarme/alternativ energi:

I planen er lagt til rette for at fjernvarmeanlegg kan byggjast i same område som renseanlegget ligg i dag, heilt sør i planområdet ved elva. I reguleringsbestemmelsane er teke inn krav om tilrettelegging for alternativ energi i nye bygg og ved renovering av gamle bygg.

6.6 Kryssløysningar i sør

Ved innkjøringa til Åmli frå sør er det laget to alternativ:

- Rundkjøring
- Fult T-kryss

Rundkjøringa er planlagt i samarbeid med vegvesenet, T-krysset er henta frå forprosjektet, *Tettsteds utvikling Åmli*, med små justeringar.

7. Utredning om universell utforming

For å sikre tilgjengeligheit for alle er det viktig å legge vekt på ei utforming av området allereie i reguleringsfasen slik at ein slipp mange fordyrande tiltak i bygge fasen.

Kven er alle?

Det er alle som kan tenkast å bruke anlegget, både som gjester og besøkande. Til hjelp i ei slik planlegging er det utarbeidd veiledere bl.a. frå Husbanken. Det kan oppstå interessekonfliktar mellom grupper i eit slikt arbeid. Eksempel: blinde og svaksynte ønskjer kantar som bl.a. kantstein som ledelinje, men disse vil bli et hinder for dei som sit i rullestol.

Det jobbast med nye rikspolitiske retningslinjer, sentralt, disse har vore på høring, men ikkje vedtekne i skrivande stund.

For å sikre utforming som gjev god tilgjengelighet må dette fastleggast på plankartet, i føresegnene og eventuelle retningslinjer. Kva som vert valgt kjem fram under kvart tema.

Kilde henvisning:

[Et inkluderende samfunn](#)

[Bygg for alle ISSN 0802-9598](#)

[T-5/99 B, Tilgjengelighet for alle](#)

[Utkast til rikspolitiske retningslinje for Universell utforming](#)

7.1 Rundskriv/rikspolitiske retningslinjer

Rundskriv T-5/99B gir føringar kva som skal vektleggast for å gjere eit område tilgjengelig for alle og korleis dette kan komme inn i arealplanlegginga. I punkt 5.8 er det lista opp noen sentrale punkt:

5.8 Planutføring – reguleringsplan og bebyggelsesplan

I reguleringsplaner og bebyggelsesplaner bør utføring som gir god tilgjengelighet fastlegges på plankartet, i bestemmelser og i eventuelle retningslinjer. På denne måten sikrer man at for eksempel krav i Teknisk forskrift ivaretas eller at løsninger som ikke omfattes av forskriftene, innarbeides ved utføring. Samtidig sikres berørte grupper innsyn og uttalerett til valgte løsninger gjennom offentlig ettersyn.

Følgende punkter er ikke uttømmende og har varierende detaljeringsgrad, men gir noen innspill til hvordan tilgjengelighet kan sikres ved utføring av detaljer på plankartet og/eller som bestemmelser:

- Tilstrekkelig bredde på gangarealer.
- Gangarealer uten hindre og trim. Markering av overganger (f.eks. med høydeforsjell på 20 mm) der det er behov for dette.
- Tilfredsstillende stigningsforhold.
- Jevnt og sklisikkert dekke.
- Rampe i stedet for trapp.
- Sammenhengende ledelinjer, enten naturlige eller kunstige, som gir synshemmede mulighet til å orientere seg.
- Visuell informasjon gitt på en klar og tydelig måte.
- 5-10 % parkeringsplasser anlegges, reserveres, merkes og skiltet for bevegelsehemmede.

For å ivareta hensyn til miljøhemmede, kan det utføres retningslinjer til reguleringsplan og bebyggelsesplan med sikte på å unngå allergifremkallende pollen ved nyplanting. Spesielt kan dette være viktig ved barnehager og skoler.

7.2 Tilhøva i dag:

Det er regulert inn fortau gjennom sentrum av Åmli, men enkelte stader er det tilrettelagt slik at bilar kan kjøre på fortauet.

I følge kommuneplanen er det i dag venteliste på tilrettelagte kommunale bustader. Det er ikke lagt inn krav om livsløpsstandard i reguleringsplanen frå 2004. I følge kommunen ligg Åmli i Noregs toppen når det gjelder registrerte uføre.

7.2.1 Kollektivtransport

I dag er det organisert busstopp på Pakkhuset som ligg i sentrum sør, elles stoppar bussen etter behov på FV 274 gjennom sentrum av Åmli.

Det er rutetilbod med buss til Arendal, (med samband vidare derfrå; Kristiansand, Grimstad, Oslo, Kjevik mm) og Brunkeberg (med samband vidare derfrå; Tønsberg, Seljord og Bergen)

Til nokre av togavgangane frå/til Nedlaug st går det buss til Åmli sentrum. Her er det samband til, Oslo, Stavanger og Arendal.

I tillegg går det skulebussar til/frå skulane og alpinbuss til Gautefall (kvar laurdag i sesongen)

7.3 Endringar med reguleringsplanen

Området ved pakkstasjonen er planlagt kombinert formål til rutebil/offentlig parkering/tømmestasjon, området er utvida med nabotomt i sør.

Ved kafeen er det lagt inn busstopp for buss, dette er gjort i samarbeid med Statens Vegvesen i møte 25.3.2009.

7.3.1 Bustader

Føljande punkt må takast med i reguleringsføresegnene:

- Nye bueingar og ved renovering av bustader må tilretteleggast for livsløpsstandard for det planet det er direkte utgang til terreng.

7.3.2 Parkering

Føljande punkt må takast med i reguleringsføresegnene:

- 10 % av parkeringsplassane må reserverast for rørslehemma.
- Parkeringsplassane må ha minst mulig fall, tverrfall og fall i lengderetninga bør være mindre enn 2 %. Reserverte plasser må merkast, skiltast spesielt og ha god belysning.
- Dersom ein skal ha parkometer må dette plasserast slik at det ikkje står i gangbanen og hindre fri passasje, samtidig som det blir tilgjengelig for dei som sitter i rullestol.
- Ved innandørs parkering må ein dimensjonere for rullestol, med omsyn på sluser/dørøpnar.

7.3.3 Allergi

Ved val av plantar og tre må det takast omsyn til astmatikarar og allergikare. Planter som gir frå seg allergiframkallende pollen må plasserast i god avstand frå opphaldssonar. Tresortane or, hassel og bjørk, samt burot og grasartar som timotei og hundegras er kjent for å gir frå seg allergiframkallende pollen. Plantene må ikkje komme i konflikt med framkomelegleiken, men gjerne vise veg for svaksynte. Utandørs røykesonar bør plasserast bort frå hovudinngang og røykesonar må skiltast/tilretteleggast for røykarar.

7.3.4 Fortau

Sentrale gangvegar som skal ha ledelinje må markerast i detalj/byggjeplan.

Føljande punkt må takast med i reguleringsføresegnene:

- Fortau skal ha maks stigning på 1:20.
- Det skal etablerast samanhengande ledelinje Gjennom Åmli sentrum.
- Fortau skal ha ei jamn og sklisikker overflate også når den er våt.
- Lysmaster skal plasserast utanfor gangarealet.
- Ved nybygg må arkitekten/utbygger ta omsyn til gangareal i forhold til bygningsmasse; vindauge som kan opnast og sol skjerming som kan bli til hinder i gangarealet.
- Søppel konteinrar skal ikkje plasserast i gang areal. Container skal markerast med kontrast farge i augehøgde. Det anbefalast bruk av container med rektangulær form og loddrett flate, eventuelt innebygde containerar.
- Gangevegar bør ikkje innehalde trinn og trapper, disse skal erstattast med ramper der dette er mulig. Snarvegar kan innehalde trapper, med då skal det være mulig å komme til området på anna vis.

7.3.5 Skilting

Føljande punkt må takast med i reguleringsføresegnene:

- Orienteringstavler skal være 125-160 cm over gangarealet. Dei skal ha stor kontrast mellom teksten og bakgrunn. Tekst typen bør være "rein" tekst som eks. Ariel minimum storleik på 70mm.
- Skiltplassering i gang arealet skal ikkje være lågare enn 2,20 m over bakken, dette gjelder også underskilt.
- Skilt skal plasserast slik at de ikkje kommer i konflikt med gangarealet.

8. Enkel risiko og sårbarheitsanalyse

8.1 Flomsituasjonen

Gjennom planområdet går Nidelva. Det er mange bekkar og vassvegar gjennom planområdet, nokre i dagen og nokre gjenbygd.

I følge flomsonekartet er det ikkje flom fare i byggeområda innanfor planen. Mellom RV 41 og Nidelva er det merka av områder med flom fare.

8.2 Støy

Det er gjort støyvurderingar i samband med planarbeidet. I reguleringsføresegnene er teke inn krav slik det kjem fram i støyrapporten/støysonekart.

8.3 Radon

Statens strålevern anbefaler eit tiltaksnivå på 200 Bq/m³ for radon i innelufta. Dette gjeld for både arbeidsplassar og bustader. Nye bygningar bør byggast slik at årlig gjennomsnittlig radonnivå ikkje overstig 200 Bq/m³ (Plan og bygningsloven, 1997). I bygg der radonnivå (årsmiddelverdi) i soverom eller andre opphaldsrom er høgare enn 200 Bq/m³, anbefalast tiltak for å redusere nivået.

Det finnes radon målingar i Åmli kommune frå 1998. Disse målingane er gjort fleire stadar i kommunen. Det er målingar i planområdet som overskrid 200Bq/m³. Høgste målt verdi i sentrum er 487 Bq/m³, 3 og årsmiddel verdi på 365 Bq/m³.

For å sikre nybygg mot radon stilles det krav om tiltak mot radon i reguleringsføresegnene.

Føljande punkt må takast med i reguleringsføresegnene:

- Det må sikrast mot radon i alle nybygg og hovudombygging av eksisterande bygg innanfor området.
- Det må gjerast målingar for å avklare om det må gjennomføres tiltak mot radon i eksisterande bygg i området.

8.4 Ros-analyse

Sjekklista frå Fylkesmannen i Aust Agder er brukt til forenkla ROS analyse, denne er utfylt og ligg vedlagt.

9. Utredning om forholda for barn og unge

9.1 Tilhøva i dag:

Nord for planområdet ligg barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule, idrettshall, symjehall, skating rampe og andre fasilitetar for barn og unge.

Nord i planområdet ligg det ein barnehage. Gjennom planområdet går det snarvegar til skuleområdet nord for planen. I sentrum sør, i planområdet, ligg det ein opparbeidd leikeplass med leikeapparat, benker og bord.

Samlingsstaden for ungdommar i sentrum er bensinstasjonen som ligg i sentrum nord.

9.2 Endringar med reguleringsplanen:

Sør:

Leikeplassen i sentrum blir delvis nedbygd. Det blir ein mindre, men meir intim leikeplass syd for dagligvarebutikken. I tilknytning til denne blir det opparbeidd eit gatetun som bind bibliotek, kulturstoga og parken med leikeplass saman. Leikeplassen er skjerma for trafikk. Ved detaljplanlegging av park med gatetun rundt kulturstoga må det leggast inn parkering for sykklar og skuter. Kulturstoga kan være med på å auke kulturtilbodet til barn og unge i Åmli.

Nord:

Snarvegane til skulen som går gjennom sentrum nord blir delvis råka av utbygginga. Disse er erstatta med andre snarvegar. Snarvegane er ikkje tilrettelagt for rullestolbrukara, da dei inneheld trapper.

Det er lagt inn ein park, denne ligger mellom RV 41 og FV 274. Her er det planlagt ein skulptur med tilhøyrande sitteplassar. Heilt nord i planområdet er det lagt inn eit spesialområde Friluftsliv for å sikre skulane og barnehagane eit natur område til å utfolde seg på. Det er lagt inn ein barnehage i planen.

Utbygging av sentrum nord med innslag av små bustadar/leiligheter, kan være med å hjelpe ungdommen i bygda til å kunne etablere seg sentralt i Åmli.

10. Reguleringsføresegn:

1. Generelt

1.1 Reguleringsplanen

Planen er avgrensa med reguleringsgrense på plankartet.

1.2 Reguleringsformål

Området vert regulert til følgjande formål etter plan- og bygningslova (pbl) §25 1. ledd:

1.2.1 Byggeområde – pbl § 25 1. Ledd nr.1

- | | |
|------------------------------------|----------|
| • Bustader m/anlegg som høyrer til | B1 – B15 |
| • Offentlege bygningar | O1 – O5 |
| • Allmennyttige formål | A1 |

1.2.2 Landsbruksområde – pbl § 25 1. ledd nr. 2

- | | |
|------------|----|
| • Jordbruk | L1 |
|------------|----|

1.2.3 Offentlege trafikkområde – pbl § 25 1. ledd nr. 3

- | | |
|---|------------|
| • Køyreveg m/anlegg som høyrer til | Tk1 – Tk11 |
| • Parkering | Tp1 –Tp11 |
| • Gang-/sykkelveg, fortau | |
| • Annan vegg grunn | |
| • Busshaldeplass | Tb1 |
| • Offentleg trafikkområde – Parkeringsplass
/bussterminal/tømmestasjon | TpBtTs1 |

1.2.4 Friområde – pbl § 25 1. ledd nr. 4

- | | |
|--------------|---------|
| • Park, leik | F1 – F3 |
|--------------|---------|

1.2.5 Spesialområde – pbl § 25 1. ledd nr. 6

- Frisiktsone ved veg
- Område for kommunalteknisk verksemd Sp1 – Sp2
- Friluftsområde (på land og i vassdrag) Sp3 – Sp10
- Anna spesialområde – kraftstasjon Sp11
- Vern av bygningar og anlegg B10, B12, BFK 2-6, BFKA1, BFKBe1, O3, O4 og Tk4
- Vern av landskap og vegetasjon Sp3 – Sp9
- Vern av bygning i område TpBtTs1

1.2.6 Fellesområde – pbl § 25 1. ledd nr. 7

- Felles tilkomstveg Fk1 – Fk3
- Felles parkering Fp1

1.2.7 Kombinerte formål etter plan og bygningsloven, § 25 2. Ledd:

- Bustadar/kontor/allmennyttige/offentleg BKAO1
- Bustadar/forretningar/kontor/allmennyttig/hotell BFKA1
- Bustadar/forretningar/kontor/hotell BFK1 – BFK6
- Bustadar/forretning/kontor/bensinstasjon BFKBe1
- Forretning/kontor/offentlig/hotell FKO1
- Offentlig/allmennyttig (barnehage) OA1
- Gatetun/forretning
- Offentlig trafikkområde; parkering/garasje/bolig TpGB1

1.3 Målsetting

Formålet med planen er å ta vare på Åmli sentrum sine stadlege kvalitetar og samtidig legge til rette for vidareutvikling av sentrum og område i nærleiken. Planen er dels ein flatereguleringsplan, der det er krav om bygnadsplan for bestemte planområde.

2 Fellesformål

2.1 Generelt

Planen er for nokre planområde framstilt som ein flatereguleringsplan og legg fast hovudtrekka i arealbruken innanfor området. Ved gjennomføring kan ein gjere mindre justeringar (tilpassingar) av formålsgrenser, tomteinndeling, vegtrasear .m.m.

Område som er sett av til ”kombinera formål” kan ein nytte fullt ut til eitt av formåla eller til ulike kombinasjonar av dei oppgjevne formåla. Nærare formål kan ein gje i bygningsplan.

2.2 Bygningsplan

For fylgjande område er det krav om bygningsplan før utbygging: B7, B9, B14, BFK1, BFK3, BFK4 og TPG1

